
Fra: olaveth . <olaveth@gmail.com>
Sendt: fredag 16. februar 2018 20:05
Til: Kristin Moe; Harry Finseth; Berit M Eskeland;
magnus.reiakvam@norconsult.com
Emne: Svar til Meland Kommune på brev av 16 februar 2018 om vegtrase
Hestdal-Myrvollane

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Svar til Meland Kommune på brev av 16 februar 2018 om vegtrase Hestdal-Myrvollane

Eg syner til brev frå Meland Kommune, dagsett 16 februar 2018. Der kjem de med kommunen si planteikning av ny vegtrase Hestdal-Myrvollane.

Eg vil med dette melda frå at eg ikkje kan godta vegtraseen slik han er lagd fram i kommunen si planteikning. I staden for å gå i ei bein lina forbi tunet mitt, slik eg gjorde framlegg om i mitt eige brev av 1 februar 2018, so gjer vegen ein sving inn mot huset mitt - for deretter å gå kloss innmed huset.


Både før og etter mitt eige tun, so er det lagt opp til at vegen skal rettast ut og forbeistrast, og det vert dimed lagt til rettes for både større fart og endå meir trafikk. Eg vil altso få fleire bilar i større fart rett forbi huset mitt. Dette gjer det både meir trafikkfårleg å bu her og det vil gje meir trafikkstøy.

Eg bur i huset mitt saman med dotter mi på fire år. Om eg skal få ein endå meir trafikkert veg tett inn på huset, so vert eg nøydd til å flytja herifrå. Det kjem ikkje til å vera trygt å bu her med born dersom kommunen sitt framlegg vert utfallet.

Alt dette skaper både ei forringing av livskvaliteten ved å bu her og det gjev eit verditap på eigedommen. Den nye vegen kjem til å vera endeleg, og det er soleides ikkje mogleg å fyrespegla nye kjøparar at eigedommen kanskje vert betre skjerma for trafikk og støy i framtid.

I brevet frå kommunen kjem det ikkje ei einaste grunngjeving for kvifor vegen skal svinga inn att mot huset mitt, for deretter å gjera ein ny sving vekk frå husi som kjem etterpå. Det einaste fornuftige, både av omsyn til eigedommen min og ikkje minst av omsyn til dei som bur lengre inne i dalen og som skal bruka vegen dagleg, er at vegen gjeng i ei bein og oversynleg lina.

Eg krev difor at den nye vegtraseen vert lagd i ei bein lina, i trygg fråstand frå bustadhusi, slik eg sjølv hev teikna inn med raudt på biletet nedanfor.



Som ein ser frå kotane på kartet, so er det arealet som den utretta vegen må gå på ei skråning. Denne skråningi vert i dag slegi med kantklyppar, og er soleides ikkje noko drivverdig jordbruksareal. Derimot kann heile den eksisterande svingen attendeførast til jordbruksland, til liks med det strekket som kommunen sjølv hev gjort framlegg om å attendeføra.

Som ein ser frå kommunen si teikning so må det dessutan sprengjast ut store mengder stein både før og etter at vegen kjem til tunet mitt. Det finst soleides store mengder stein til å fylla skråningi, og kommunen hev dimed den føremonen at dei slepp å køyra vekk stein til andre stader.

Eg torer difor be kommunen om å leggja vegen utanom tunet mitt og leggja traseen forbi i ei bein lina, slik som eg hev teikna inn. Eg kjem ikkje til å akseptera det framlegget som kommunen hev kome med no.

Hestdal, 16 februar 2018

Olav Torheim